

LOV OG EVANGELIUM

Oppbyggelig blad gitt ut av Norsk Luth. Lekmannsmisjon

Nr. 4

august 1970

6. årgang

En appell til alle Guds barn i Norge

Kristne, våkn opp, og se utover vårt land og folk ! Våkn opp og se den flom av urenhet, av slam ifra avgrunnen som velter innover oss ! Våkn opp og se den fare som truer våre barn og unge, og som alt har ødelagt så mange ! Satans gift presses inn på dem fra alle kanter : Umoral, pornografi, alkohol og narkotika, luksus og ødselhet.

Skitten litteratur, radio og TV-sendinger forpester luften overalt. Ingen går fri fra angrepene. Endog troende foreldre tillater disse kanaler å slippe giften inn i hjemmene. Selv der er det ikke trygt lenger.

På den religiøse sektor er liberale teologer, katolikker, mormoner, Jeshovas vitner m. fl. i intens aktivitet for å rive sjelene til seg. — Våkn opp, og se hvor det bærer hen ! Vårt folk raver mot avgrunnen ! Og vi som hører Herren til, skal vi bli ved å sove, mens folket synker og den unge generasjon går til grunne ? Kristne, la oss våkne opp, og aller først se vår egen stilling ! Vi er i Jesus Kristus utskilt fra verden og helliget Ham, og derved gitt adgang til himmelmens krefter ! Hvordan er så vårt sanne personlige forhold til Ham ? Mitt forhold ? Og ditt ? Har du og jeg i tro inntatt den plass i Ham, som Han ved sin offerdød og oppstandelse har gitt oss ?

Utskilt fra verden, — innviet til Ham. Er vi en Ånd med Ham, eller har denne verdens ånd også fått forgiftet våre sinn og forblinde våre øyne, så vi ikke lenger ser klart ? Har vi gitt denne verden rom i våre hjerter ? Har vår høye levestandard blendet oss og dradd oss inn i makelighet, velvære, kosementalit-

tet og sløvhet ? Kort sagt : Lever vi i *kjødet* istedet for i *Ånden* ? Det hjerte som er fylt av verdslyhet og selviskhet har intet rom for Jesu lidende k jærlighet og nød for sjelers frlse.

Kristne ! La oss alle gå inn i våre lønnkammer til selvransakelse i Ordets lys, til selverkjennelse, oppgjør, tenselse og utskillelse fra alt som Herren ikke kan kjennes ved i våre liv ! Og la oss så gå inn i bønn om en Åndens vekkelse over vårt folk ! La oss deretter søke sammen i bønn ! La oss finne én eller flere troende som vi regelmessig, så ofte som mulig, kan boye kne sammen med og rope til Gud om vekkelsen !

Opp bønnemøtene i våre forsamlings- og bedehus, hvordan er det med dem ? La dem igjen få sin rette plass i alle våre forsamlinger ! La dem få førsteplassen !

Vi vil ikke lenger sitte lammet og avmekting overfor ondskapens åndehær i himmelrommet ! Den hær er virksom som aldri før. Og den er sterkt. Men vi eier adgangen til den kraft som er sterke. «De som er med oss er flere enn de som er med dem», lød det en gang fra profeten Elisa til en forferdet disipel. 2. Kongebok 6, 16. — La oss ikke nøle, men *idag* ta bønnekampen opp ! La oss lytte til formaningen og til løftet : Be, og I skal få ! Et samlet kristenfolk i målbevisst, vedholdende bønn er sterke enn noen avgrunnsmakt.

Du som leser dette : La *ditt* hjerte tennes i brann ! Ta *du* initiativet ! Gå til din troende nabos *idag*, og få ham eller henne med deg i

bønn ! Gå så til alle troende du kjenner og be dem gjøre det samme ! La bønneilden tenne ditt hjerte an, og bring den videre ! La oss være lik de gamle ildbærere som tente vardeilden fra fjell til fjell, når fienden nærmet seg, og slik mobiliserte hele folket til kamp ! De skydde ingen anstrengelser. Det gjaldt folkets liv ! Skulle vi være mere mavelige, vi som har langt farligere fiender over oss ? Vi har de våpen som kan beseire dem. Skulle vi så ikke ta dem opp og bruke dem ? Herren trenger oss alle ! Ingen må unndra seg !

Prof. Esekiel fikk en gang dette budskap å

bringe til Israels folk ifra Herren : Jeg søkte blant dem etter en mann som ville mure opp en mur og stille seg i gapet for mitt åsyn til vern for landet, så jeg ikke skulle ødelegge det, Esek. 22, 30. — Det må ikke bli sant om oss ! La Ham finne oss rede til å mure opp den bønnemur som kan verne vårt folk fra å drukne i strømmen fra de urene kilder ! La oss be om Ånd og liv og fornyelse over Guds menighet og om frelse for skarene utenfor ! La oss be om en gjennemgripende, dyptgående vekkelse over det norske folk, og la oss holde ut i bønn til Gud svarer !

ELSE DAHL.

Ein ny skapning

(2. Kor. 5, 17)

Dette ordet syner oss to grunnleggande sanningar om kva det er å vera ein sann truande kristen. *Det er å vera i Kristus* — og det er å vera ein nye skapning. Desse to ting høyrer uløyseleg saman, så ingen kan eiga det eine utan også å eiga det andre. Det å vera i Kristus er ved trua å vera tilrekna Kris-tus og heile hans soningsverk, så at me i han alltid står frelse og rettferdige for Gud. (Rom. 8, 1 og 2. Kor. 5, 21). Og dette med den nye skapningen fortel oss om korleis Jesus ved trua har flytta inn i oss med si frelse og teke bustad der. Slik fortel Jesus oss dette i likninga om vintreet og greinene i Johs. 15 : — «de i meg, og eg i dykk». Som greina er grodd inn i treet, og treet si livssaft strøymer ut i greina. Utan dette er greina utan liv og utan frukt.

Kvifor trengs det ein ny skapning i oss?

Er det ikkje nok at me har ein frelsar i Himmelen som har ordna vår frelse, og at me i tru får rekna med han slik me er? Jau, frå

ei sida er det nok det som frelsaren gjorde og er. Det er nok for Gud, og det er nok for oss — ja for alle syndarar ! Det er ei fullkommen frelse, og til det som er fullkomne kan ingen leggja noko til for å gjera det betre.

Men utan ein ny skapning får ikkje me syndarar del i denne fullkomne frelse, for me er av naturen døde i misgjerningar og synder. I syndefallet miste me alle evna til å leva ilag med Gud. Me fekk ei natur som er *død* for alt som høyrer Gud til, og kan berre leva i synda og døden sitt rike. Derfor står det at det naturlege menneske tek ikkje imot — og kan ikkje fata det som høyrer Anden til. 1. Kor. 2, 14. Det er årsaka til at ingen kan eiga ei levande tru på Jesus utan at han får ho frå Gud, og ved tru bli fødd til ein ny skapning med del i guddomeleg natur. Utan ei slik natur er all tru på Jesus ei død tru, og gagnar ingen ting om ho er aldri så rett. Ei slik tru har endå-til djevelen, men er like fullt djevel.

Slik vitnar også Paulus om seg sjølv og seier : «No lever eg ikkje lenger sjølv, men

Bladet Lov og Evangelium

Utgjevarpoststad : 5400 Stord

Red. Amund Lid, tlf. 75. Norheimsund
Eksp.: M. Skumsnes, Horneland, Stord
Postgiro : 42887, Stord

Bladet blir sendt gratis til alle som sender eksp. namn og adr. Blir halde opp med friviljuge gaver

Norsk Lutherisk Lekmannsmisjon :

Formann : Olav A. Dahl,
boks 95, 5401 Stord. Tlf. 69
Kass. Sverre Bøhn, Norheimsund
postgiro nr. 68213
Bankgiro : Vikøy Sparebank,
Norheimsund 3530.07.09492

S. Botnens Boktrykkeri, 5401 Stord

Kristus lever i meg. Gal. 2, 20. Med denne nye skapningen er det me lever i samfunn med Gud kvar dag — ferdast i Anden og trua på Jesus, og ved den har me samfunn med kvarandre som frelste menneske. Og når Kristus bur ved trua i hjarta vårt, så kan han og bruka vår person — vårt åndsliv og vår lekam — i si teneste, så langt han kan få vinna makt og skapnad i oss.

Korleis får me ein ny skapning, og korleis veks han?

Det kan åleine Gud skapa, og når Gud skaper gjer han det ved sitt ord. Slik blei den første skapning til, og slik gjer han det alltid seinare. Gud gjer det slik med den einskilde syndar, når han talar lova sitt ord og evangeliet sitt ord. Slik og her når han talar om det gamle og det nye menneske. Det gamle har ingen livsrett hjå den som lever med Gud, ikkje syndelivet eller det verdslegelivet. Heller ikkje ei sjølvlagda rettferd, eller ei utvortes gudsdyrkning blir godteken. Lova sitt krav er ei heil oppfylling i hjarta og sinn. Lova seier at du skal ikkje lysta etter noko vondt — ikkje ein augneblink — og at du skal elska Gud

av heile hjarta kvar ei stund, og nesten som deg sjølv. Berre då når du oppfyller lova sine krav kjem du inn til livet hjå Gud. Sviktar du her på ei einaste stad og i eit einaste minutt, så er du under Guds forbanning. Galat. 3, 10.

Når denne Guds tale når hjarta, då ropar syndaren med profeten : Ve meg, eg er fortapt ! Dette nyttar aldri for meg ! Når dette hender deg, då har Gud fått skapt erkjenning i hjarta ditt om korleis du verkeleg er, og berre der er det grobotn for evangeliet om Jesus. Og der ordet om Jesus når inn til hjarta og samvit, der skaper Gud tillit til ordet og nytt liv i barmen. Då flytter du frå lova sine krav og domar, med den nye skapningen inn i nåden og fridomen i Kristus Jesus. Der blir du tilrekna alt det Jesus er og har, og alt det som ordet lovar dei som trur på Jesus blir openberra for deg litt etter litt. Der er det inga fordøming for dine synder, sjølv om du blir tutka for synd i samvitet ditt. Rom. 8, 1. Du er fullkommen rettferdig kvar stund i han, endå om du ofte kjenner deg både syndig og uugu-deleg. Rom. 4, 3. I Jesus har du både barne-rett og arverett, stikk imot det du sjølv forteiner. Johs. 1, 12 og Rom. 8, 17.

I og med denne nye skapningen og den Heilage Ande som bur i deg, har han lagt ned i deg forliksordet — evangeliet om Jesus — så du er sendebod i Kristi stad. Du er med og syner fram Kristi herlegdom for verda. Noken til liv og andre til død.

I Jesus har me vår frelseshovding som skal føra oss sigrande gjennom verda her og til sist stilla oss fram for Faderen — sin herlegdom til pris — når striden her er slutt.

Då blir ordet her oppfylt : Det gamle har forgjenge, sjå alt har vorte nytt. Då skal me for evig vera hjå Herren — i herlegdomsriket

— Høyr, så skal sjela di leva ! Ennå er det nådetid !

Gudmund Hjorthaug.

Han drog meg opp av søkkjedya

(Salme 40)

Eg venta og venta på Herren. Då bøygde han seg ned til meg og hørde mitt rop. Han drog meg opp or den tynande grava, or søkkjedya, og han sette mine føter oppå berggrunn, han gjorde mine steg støde. Og han la ein ny song i min munn, ein lovsong til vår Gud. Mange ser det og ottast og lit på Herren. (Salme 40, 2—4).

Det var ikkje mindre enn eit under som hende då Herren bøygde seg ned til David og hørde hans rop, og drog han opp or den tynande grava og sette føtene hans på berggrunn. — Ja, i sanning eit under. Men det same under hender med kvar syndar som får sjå Jesus som stedfortredaren og utløysaren sin. Dei får den Heilage Ande og kan vitna det same som David: Du tok bort mi syneskuld og la ein ny song i minn munn, ein lovsong til vår Gud. Det er «sangen om blodet, den kostbare pris, som alene kan åpne et stengt paradis.»

Alle som er frelst eig denne lovsongstonen i hjarta sitt.

Korleis er det med meg og deg, kan vi syngja den nye songen? — *songen om blodet*. Eg spør ikkje om vi reknar oss som kristne, for det er det mange som gjer, men om vi er frelst — og skrifta seier dei er få.

Det å vera frelst er slett ikkje så sjølvsagt. «Å elske og tro, i nåden å bo, er alltid min sværeste sak», syng sangaren. Sjølv kan eg vitna at eg gjekk i mange år og trudde at eg var ein kristen. Ofte måtte eg spryrja meg sjølv og andre, er eg verkeleg frelst? Kan eg leva og døy på det eg balar med? Eg fann ikkje kvile, for eg trudde at omvendelsen var ein forbedring i mitt hjarta, som eg sjølv kunne få til ved Guds hjelp. Eg kunne ikkjetru eller forstå at det var eigenrettferd å forbedra seg sjølv. Derfor så gjorde eg så godt eg kunne, og då måtte eg vel vera ein kristen. Eg trudde eg kunne bevega Gud med

mi bøn og mine tårer. Ja, eg trudde at når eg gjorde det eg kunne, så gjorde Gud resten. Og så gjorde eg meg opp ei meining om korleis det skulle gå for seg på domensdag, då måtte eg ha klart for meg dette med Jesus.

Du min ven, har du det slik som eg hadde det? Då må eg få sei det at eg har fått sjå at i den tilstand er vi ikkje frelst.

Det vi balar med i den tilstand, er strev under lova, og vi aktar Guds nåde for inkje. For, er rettferdigheit å få ved lova, då døydde Kristus utan grunn seier Galat. 2, 21.

I staden for å tru Guds nåde i Guds hjarta, så søkte eg den i mitt eige hjarta. Og derfor så hadde eg fred berre så lenge eg følte det godt.

Men så kom den dagen då underet hende. Herren bøygde seg ned til meg, drog meg opp or søkkjedya, og han la ein ny song i min munn. Han let meg få sjå at det eg streva med å få til, det hadde Gud ordna i og ved Kristus. Jesus gjekk i slekta sin stad sigra over døden, djevelen og helvede, og vann oss ei evig utløsing. Han leid det vi skulle lide, og han gjorde det vi skulle gjort. — Å, salige stunder som Jesus oss gir, når soningens under rett klårt for oss blir. Når Ordet forkynner vårt evige vei.

At vi blir i Kristus, og han i oss, det er den store løyndomen. Lever vi i trua på Jesus, finn vi ikkje trøyst i noko ved og av oss sjølv, men har all vår trøyst i Jesus og hans verk åleine. Når vi så er skuffa over oss sjølv, våre synder og vår usseldom, då er det berre ordet om Jesu kjærleik, død og blod, og hans rettferd, som kan gi oss den rette og sanne trøst. Berre i Jesus og hans verk for oss finn sjela kvile. *Dei som lit på Herren*, er som Sionsfjellet, som ikkje vert rikka, men står æveleg fast. Salme 125, 1.

Rose Dyrøy.

Kristen ferievikar-teneste

Kva er dette for ein nyskapning av eit ord, spør du. Ein ny organisasjon? Eg skal freista bera fram dei tankane eg har tenkt om dette. Kanhenda dei ber i seg eit kall til frivillig teneste eller offer for ein eller annan.

Nå stundar det mot vår og sumar. Dei kristne organisasjonane — N. L. Lekmannsmisjon medrekna — har alt bestemt kvar dei skal ha sine sumarskular. Truande ungdommar tek dette med i berekning når dei legg sine ferieplanar. Skuleungdom især som har tid til det reiser gjerne på fleire sumarskular eller bibelkurs. Ære vere dykk alle for det. Du kan ikkje nyta ferien til noko betre enn å bli kjent med Guds ord og få lys over di stode til Jesus og hans frelse.

Du har gjerne fått reisa år etter år, og lengtar også i år etter å få meir av brødet frå himmelen til næring for di sjel.

Men på same tid set der mange heime, som hadde hug å reisa og trong sårt om det, men det er så mykje som hindrar dei frå å reisa. Dette er kanskje verst for dei som har gard, og ingen veit å få til å stella dyra og sjå til hus og born. Og om dei får leiga etter tiden, så blir det så altfor dyrt for deira økonomiske evne. Så blir dei sitjande heime med lengselen.

Mang ei mor set bunden av små born eller sjuke og gamle dei ikkje kan reisa frå. Eller det kan vera så mange andre ting som hindrar.

Og nå er me komne til spørsmålet. Tenk om du ungdom kjende deg kalla av Gud til å gå frivillig inn i teneste for Jesus, til å overta arbeidet for ei sliten og troytt husmor så ho fekk reise. Jesus seier at det du gjer mot ein av mine minste små, det gjer du mot meg.

Eg kan lova deg at den velsigninga dei fekk — som ved di teneste og offer fekk høyrar Guds ord — den ville rikeleg koma attende til deg sjølv. Tenk også på for ein kveik

til sjel og lekam du dermed kunne vera med å gi, til ein som kanskje tróng meir om det enn du.

Du kjenner kanskje noken i di neraste grend eller bygd som tróng om di teneste? Elles så er sikkert N. L. Lekmannsmisjon vilig til å formidle kontaktar med den som treng di teneste. Så langt eg veit er ikkje ei slik tenes teken opp av nokon kristen organisasjon.

Er det berre tøv av meg å nemna dette? At der er eit stort behov for ei slik teneste, det er eg viss om. Jesus seier at ein tenar er ikkje større enn herren sin. Jesus gav avkall på alt for di skuld, og skulle ikkje så du kunne ofra litt av di tid og teneste for han?

Om dette skulle gjerast med eller utan løn, det fekk den einskilde bli samde om med den du tenar.

Ei teneste for den Herre Jesus er ikkje berre det å delta i møter og store samkomer. — Heller ikkje berre å delta med vitnemål, song og musikk. Du kan like mykje tene han med å vera ferievikar, stelle ein heim, ta deg av borna og mjølka nokre kyr — om du kan det. Ikkje noko arbeid er for simpelt til å kallast ei gudsteneste. Kanskje du sjølv også har meir behov for stilla og ro, enn å koma saman med mange? For Herrens ord kan også nå oss der, ja endå som hjå Elias i øydemarka.

På denne måten kunne noken som ingen utveg såg til å koma ived på ein sumarskule få reisa, og vita alt i trygge hender heime.

Gud velsigne deg til å svara ja og gå, om dette er Herrens kall til deg.

Josef J. Nilsen.

Dette stykket skulle vore med i forrige nr. av bladet, som kom før sumarferien. Men det kom dverre forseint til det. Men me tek det med nå, så får du god tid til å tenkja på det til neste sumar. Me vil anbefala denne tenesta, for her er behovet stort og arbeidsfolka i sanning få. I Guds rike er det slik at den som vil vera stor, han må tena dei andre.

Red.

Et personleg vitnesbyrd om nattverden

Mel.: Jeg har så lun en hytte

Å hvilken fred og glede ved Herrens nattverdsbord
når Ånden får meg lede til stillhet for Guds ord.
Så hjertet kan få høre, og troens øye se
at Lammets blod kan gjøre en synder hvit som sne.

Når brødet for oss brytes, med troens blikk jeg ser
Guds offerlam frembydes, og Gud forsonet er.
Når jeg den sannhet kjære i tro får gripe fatt
kan Jesu legem være i sannhet sjelens mat.

Når vinen jeg får nyte og da i tro å se
Guds lam for meg lot flyte sitt blod på korsets tre.
Jeg ser den livets kilde, min sjel får drikke av.
Tenk meg han frelse ville, for meg sitt alt han gav.

Jeg ser meg selv uverdig når jeg ved Herrens bord
Bli regnet blant hans kjære som er hans egen brud,
får se meg helt rettferdig på Jesu eget ord.
og så få med ham være i himmelsk bryllupsskrud.

Kristoffer Høie.

Villfaringa åt dei ugudlege

(2. Pet. 3, 17—18). — Av Amund Lid

Så må de, mine kjære, som fyreåt veit dette, vara dykk så de ikkje skal bli dregne med villfaringa åt dei ugudlege og falla ut or dykker faste stoda, formanar apostelen her. Og det er nok ei foramaning som me kristne av vår tid treng serleg om å høyra. Den som trur på Jesus har nok vore utsett for det til alle tider, men truleg aldri før i den grad som for oss, som dei siste tider har kome til.

Dykker faste stoda.

Kva er det apostelen kallar for vår faste stoda? I fylgje Guds ord er det berre ein ting her i verda som er fast og urikkeleg. Det er

Kristus Jesus og det verk han har gjort for oss. For annan grunnvoll kan ingen leggja enn den som er lagd, *det er Jesus Kristus* (1. Kor. 3, 11). Så vår faste stoda blir då «*den faste grunn i dykker tru på Kristus.*» (Koloss. 2, 5).

Men vår faste stoda blir også å stå fast i trua på Bibelen som Guds ord. Blir me dregne bort frå Ordet fell me snart ut av vår faste stoda.

Eg kunngjer dykk, brør, det evangelium som eg forkynnte dykk, som de og tok imot, som de og står støde i, som de og vert frels-

te ved dersom de held fast ved det ordet som eg forkynnt dykk dei med - (1. Kor. 15, 1—2)

Men vert du stående i det som du har lært, og som du er overtydd om ! for du veit kven du har lært det av, og du kjenner alt frå barndomen dei heilage skriftene, som kan gjera deg vis til frelse ved trua på Kristus Jesus. *Heile Skrifta er innanda av Gud* og gagnleg til lærdom, til overtyding, til rettleiding, til oppseding i rettferd, så Guds barn kan bli fullkomne, dugleg ti lall god gjerning (2. Tim. 3, 14—17).

Elles så manar Guds ord oss mange stader og mange gonger til å vera faste og urokkelege i trua på Jesus, til å halda fast ved det truverdige ordet etter læra, og vara oss frå alt og alle som vil dra oss bort frå det.

Dei ugudlege.

Når me blir åtvara mot å bli dregne med av dei ugudlege si villfaring, så treng me vel først tenkja over kven dei ugudlege er. Den mest vanlege tenkjemåte er vel at eit ugudleg menneske, det er den som lever i openberr synd og eit verdsleg og ugudeleg liv. Og det er nok rett, men ikkje heile sanninga. Gud og Bibelen ser det ikkje slik som me menneske og tenkjer ikkje som oss. Etter Guds ord så er ein ugudleg alle dei menneske som lever uten Gud og samfunn med han ved trua på Jesus. Også eit religiøst og egenrettferdig menneske og eit vakt, ufrelst menneske hører til mellom dei ugudlege, for dei er uten samfunn med Jesus og lever ikkje i trua på Lammet og blodet. For det finst ingen forskjell, alle har dei synda og vantar æra for Gud (Rom. 3, 23—24).

Ein religiøs og egenrettferdig fer vill og fører vill, og dreg nok mange bort frå deira faste stoda i Kristus. Jesus sa : Framom alt anna, ta dykk i vare for farisear og sadusear surdeigen.

Dei ugudlege si villfaring.

Det gjer seg gjeldande på alle område, på det menneskelege og verdslege område som

på det religiøse og kristelege område og me står i fare for å bli dregne med. Derfor så treng me lys frå Gud både over villfaringa og den store fāre me lever i kvar einaste dag, så me kan ta oss i vare.

Først vil me nemna dei ugudlege sitt syn på — og forhold til Bibelen som Guds ord. Ikkje lenger tilbake i tida enn ein eller to mannsaldrar, så hadde dei fleste ugudlege også respekt for Bibelen og rekna den for Guds ord. I vår tid er stort sett respekten borte for Gud og hans ord hjå ein stor del av folket vårt. Det er for ein stor del frukta av liberalismen, bibelkritikken og den moderne vitenskapen, som ved hjelp av skule, litteratur, radio og fjernsyn grev under tilliten til Guds ord og at Bibelen er Guds ord. Ved hjelp av slike midlar når dei ugudlege si ånd og villfaring inn i dei fleste heimar og slekta som veks opp. Dei seier at der finst Guds ord i Bibelen, men der er også mykje som er menneskeord og overleveringar frå andre folk, feil og motsegner som me ikkje kan ta bokstaveleg. Eg spør : Kven skal så avgjera kva som er Guds ord og kva som er av menneske? Er det menneskeleg lærdom, fornuft og visdom?

Guds ord seier at menneske er forblinda av denne verda sin Gud, formyrkte i sin tanke og framande forlivet i Gud, og at dei i sin visdom ikkje kjenner Gud.

Nei, haldt du fast ved Guds ord : *Heile Skrifta er innanda av Gud*, og at dei heilage Guds menn talte drivne av den Heilage Ande — om så di eiga fornuft og heile verda protesterar. Misser du trua og tilliten til Guds ord, då har du mist det som er din einaste redning og trøst i livet og i døden.

Dei ugudlege sine Gudar.

Guds ord seier at me skal vara oss for avugdane. Anten dei er av stein eller tre eller av meir moderne material, så har dei e iveldig makt over folk. Det kjem av at bak dei står det veldige åndsmakter — Satan. Me kan undrast over den makt dei har over heidningen og kanskje le over at dei kan tru på og

frykta for slike ting, utan å sjå at vår tid sine avgudar har større makt og innflytelse over menneskeje.

Me kan berre tenkja på ein av dei, *sporten og sportsheltane*. Den har ei uhyggeleg makt over folk i vår tid. Tenk på alle dei midlane som blir ofra på det alteret, og brøla og hyla frå dei som tilber dei. Dei lyder nok oftare og høgare inn i heimane enn Guds ord gjer. — Også me kristne står i fare for å bli dregne med i det dragsuget.

Moten er ein annan Gud i tida. Den har ei veldig makt over menenske, og på det alteret blir det ofra og tent enorme sumar. Kva trur du våre bestemødre, for ikkje å nemna olde-mødre, ville tenkt og sagt om dei møtte vår tid sine kvinner i bikini og lårkort. Det er svært å sjå korleis kvenna let seg nedvurdera til å brukast som blikkfangar i reklamen for moteguden. Det ser ut for at dei eig ikkje lengre blygsel og skam i livet, og opptrer nes-ten nakne på biletet og i originalen. Og har dei litt klær på kroppen, så må den vera av siste mote, elles er dei ubrukande og useljande. Dei gamle tala om Guds frykt og nøy somhet, kor er det blitt av den?

Det er med sorg ein ser korleis også dei kristne kvinnene blir dregne med av villfaringa. Skikka dykk ikkje lik denne verda, for manar Guds ord oss. Kvinnene skal pryda seg med *sømeleg klænad, i blygd og æra*, ikkje med flettingar og gull eller perler eller dyr klædebunad, men som det sørmer seg kvinner som vedkjenner seg guds frykt, med gode gjerningar (1. Tomt. 2, 9).

Apostelen Peter seier at kvenna sin pryd er ikkje den utanpå, men hjartans løynede meneske i den uforgjengelege prydnad med den mjuke og stille ånd, som er gjæv for Gud. (1. Pet. 3 1 - fg.)

Så må de, mine kjære systre, ikkje lata dykk dra med av villfaringa åt dei ugudlege, så de fell ut av dykkar faste stoda.

Dei ugudlege sitt forhold til ekteskap og heim.

Levestandarden med sin kravsmetalitet,

havesjuka og nytesjuka, er ein annan av tida sine gudar. Den held på å øydeleggja ekteskap og heim i vår tid. Både ekteskap og heim er innsett av Gud, og noko av det største og mest veldigfulle Gud har gitt oss. Som heimane er, slik blir også samfunnet. Mann og kvenna fekk kvart sitt kall av Gud, og kvar si oppgåve i heimen. Kvenna er skapt til ei medhjelp for mannen, til å vera mor, til å elskia mennene og borna sine, til å vera vislege, reine, huslege, gode, lydige mot sine eigne menn. Slik talar Guds ord om dei. Av dette ser me at kvenna først og fremst har fått sin plass i heimen, som ektemake og mor, til å tena slekta som veks opp.

Kva blir heimen når mor er ute i arbeidslivet? Barna må gå på sjølvstyr, eller bli sett inn i ein dagheim. Staten tek smått om senn over mor sin plass i dagheimar, barnehagar og skule. Der har staten frie nender til å forma slekta etter sine idear og planar. Kor blir atmosfæren i ein heim der far og mor kjem trøytte heim frå arbeid? Kven skal laga maten, vaska opp og vaska hus og klær, kven skal henta ungane heim frå barnehage eller dagheim, skifta klær på dei o.s.v.? Eg kan spå at der blir ikkje mangel på konfliktstoff i ein slik heim, og der skal ikkje bli overflod av kjærleik, omheit, gleda, lukka eller tilfredsheit, takksemd, og guds frykt med nøy somhet.

Jesus seier: Sjå og ta dykk i vare for all havesjuka. For ingen kan tryggja livet sitt med det han eig, om han er aldri så rik. (Luk. 12, 15).

Lat dykkar ferd vera utan pengehug, så de er nøgde med det de har! for han her sagt: Eg skal så visst ikkje sleppa deg og ikkje forlata deg, så me hugheilt kan seia: Herren er min hjelpar (Hebr. 13, 5 — fg.)

Ingen er vel i tvil, i alle fall du som trur på Gud og hans ord, at denne utviklinga kjem frå Satan og dei ugudlege.

Mine kjære brør, må du henda kona di ut i arbeidslivet for å kunna ha bil, eigen villa, hytta ved sjø eller fjell, båt eller andre ting som livet krev i vår tid for å kunna leva på likefot med andre, så er eg viss om at det

vil bli dyrt for deg — sett i Guds ords lys. Ikkje mange stader er det vel større fare for å bli dregen med av dei ugudlege si villfaring enn her. Skrifta talar om mange som blei dregne med, og som fall ut av si faste stoda i Kristus.

Mine kjære systre, må du ofra barna og heimen din for å koma ut i arbeidslivet som dei andre eller for å få meir av dei ting som høyrer verda til, så tenk vel over kva det kan koma til å kosta deg. Kva batar det eit menneske om han vinn heile verda, men taper el-ler tek skade på sjela si, sa Jesus.

Guds frykt med nøgsemd er ei stor vinning. For me hadde ikkje noko med oss til verda, og då er det sjølv sagt at me ikkje kan ta noko med oss frå verda men når me har føda og klæde skal me vera nøgde med det.

Dei som vil verta rike, fell i freisting og snara og mange dårlege og skadelege lyster, som sokkjer menneska ned i undergang og fortaping. For pengehugen er ei rot til alt vondt. Av trådom deretter har sume fare vilt frå trua og har gjennomstunge seg sjølve med mange piner.

Men du, Guds menneske, fly frå desse ting! Men jaga etter rettferd, guds frykt, tru, kjærleik, tolmod, spaklynne! Strid den gode striden i trua, grip det ævelege livet, som du vart kalla til, du som og bar fram den gode vedkjenninga for mange vitne (1. Timot. 6, 6-fg.)

og mannen fekk sjel og liv» (1. Moseb. 2, 7)

Der tok det til. Av dette ordet går det klart fram at menneske består av lekam, sjcl og ånd. Det er det synlege som kan registrerast, målast og vegast, me kallar lekamen vår. Og det er det andre, dette underlege, udiffenerbare og usynlege, som ikkje kan målast og ikkje vegast som ingen har sett eller veit kor det bur, me kallar sjela.

Aldri har noko menneske teke fram i dagen, dette som er vårt eigentlege menneske, det evige i oss. Me veit at doktoren er ein mykje lerd mann, som har sett seg inn i korleis kroppen er oppbygd og kjenner dei ymse organ og veit kva som er deira oppgåve. Han kjenner og til det fine samspelet mellom det som er materie og liv — livsrørlene, og dei forstyrrelser som kan koma inn i dette fine og harmoniske samarbeidet. Eg har tenkt ein heil del på dette, og sett kor Gud er stor i sitt skaparverk. I dette fine og harmoniske me ser, frå eit lite barn vrt fødd, korleis det veks harmonisk fram og alle organ arbeider saman i eit fellesskap, det er her det kan koma forstyrrelser inn. Dette kallar me sjukdom. Her har doktoren si oppgåve å hjelpe lekamen til å koma over skaden, og koma tilbake til eit harmonisk livsspel. Læra om lekamen kallar me anatomti. Og læra om livsrørlene i lekamen kallar me fysiologi. På dette feltet er det lægevitenskapen arbeider. Me har hatt mykje sjukdom i heimen vår, og gjennom den har eg vorte glad i dei som har utforska Guds lover på dette området og bringa mykje hjelp og velsigning.

Men i dag skal me venda interessa ein annan veg, for det feltet som har med lekamen å gjera blir det lagt rikeleg vekt på i vår tid. Det går ei veke nå, «hjerte aksjons uken», som du kanske har lese om. Det gjeld å få denne pumpa som me kallar hjarta, til å gå. Det er mange unge, og halvgamle som meg, som dør av di pumpa ikkje klarar meir, og så vil dei ved opplysning og hjelp prøva å halda livet i gang ei stund til. Lukke til med arbeidet!

SJELESORG

Av Vincent Færevåg

(*Sjelesorg er to bibeltimar som Færevåg heldt på eit bibelkurs. Då det er eit mykje aktuelt emne, og me trur dei kan bli fleire til hjelp, tek me dei med i bladet som framhald. Dei er skriven av etter lydband,*)

«Og Herren Gud skapte mannen av mold or marka og bles livsens ande i nasa hans,

Læra om sjela.

Me får venda oss den andre vegen, til psykologien, læra om sjela. Nå er me klar over at del som lyfter oss opp over dyra, for dei og lever under dei same lver som oss når det gjeld anatomi og fysiologi, *det er at me har ei sjel*. Dette Gud-innblesne livet som me les om i 1. Moseb. 1, 7, det lyfter oss opp til den høgaste skapning på jorda Guds ord brukar dette sterke biletet at me er skapt i Guds bilete. Det er noko av Gud sjølv som på ein særleg måte er lagt inn i oss, også meg og deg. Dermed er det udøy-eleg som Gud, det er ånd.

Nå ser eg at menneske, som er forvent på mange vis, set seg sjølv høgt avdi det har fått denne gåva. Men mange gonger har eg tenkt at me har liten grunn til å ovmoda oss, for Guds ord seier: «Kva har de som de ikkje har fått.» Særleg lett fell det for den som har fått ein stor sjelsutrustning å ovmoda seg over den som har fått mindre eller lite. Men det viser seg at den som har fått mykje fer like snart vill som den som har fått lite, så det styrer me nok lite med. Men det fører oss i ansvar, for det står at den som mykje har fått, av han skal mykje krevjast. Dette gjeld også den sjelsutrustning og den ånd me har fått av Gud. Ein dag skal me alle stå til ansvar overfor Gud — givaren. (Matt. 25, 14—30). Dette kjem av di me er ansvarlege personvesen overfor Gud.

Når me i dag skulle prøva å tala litt saman om vårt sjelsliv, så må eg verkeleg få sei at det blir med famlande ord. Det er avdi det er eit uhyre vanskeleg emne, og fordi eg veit så lite. Men når eg har teke på meg dette, så får eg seia det vesle eg veit, og me får be Gud om at det må bli oss til hjelpe.

Me vil prøva å sjå det frå to synsstader:

Dei sjelsevner me er utstyrt med av Gud, utan i sampsel med eller forhold til Gud.

Her veit me alle at me sit inne med underlege og vidunderlege evner, så her kunne me reint gløyma oss burt. Forresten, det å gløyma er og ei vidunderleg evne. Eg er mykje plaga av å gløyma, så eg stundom fryktar for

at eg tek til å bli åreforkalka. Men likevel har eg ofte takka Gud for at eg kan gløyma, for det er ei sjelsevne å kunna gløyma — samstundes som det er ei sjels svakheit. Men tok me for oss sansane, for eksempel, dei som er porten inn til vårt åndsliv og den verda me lever i, korleis dei oppfangar inntrykk og fører dei inn på nervene sine underlege band. Ingen forstår nervesystemet, sjølv om dei talar om elektriske impulsar osv., men nok om det. Men det blir i alle fall ført innover til sentrum av hjernen, der sjels-evnene blir seit i funksjon, og der pregar kvart inntrykk noko i vårt indre menneske. Og psykologane seier, om eg hugsar rett, at alle inntrykk, alt det me tenkjer, alt det me ser, alt det me opplever, alt, blir prega uutsletteleg inn i vårt indre menneske. Og her skal psykologane mellom det *medvitne*, det som me kan registrera og ta fram i tanken og blir kalla *vårt medvetne sjelsliv*, og det som sig bakover i det *undermedvitne sjelsliv*, det som me ikkje rår med i vår tanke og ikkje kan ta fram når me vil. Du har opplevt det mange gonger då du gjekk og tenkte på ei sangstrofe som du ikkje kunne koma på, den var dotten bakom og var borte. Men så ein dag kom den brått skytande opp, og då kunne du heile songen. Du, i den store sekken, vårt undermedvitne sjelsliv, der ligg dei gøynt alle dei inntrykk du har motteke frå du vart fødd til i dag. Dette tala til meg første gongen eg tala på lydband og hørde attgjeve kvart einaste ord eg hadde tala. Og så visste eg at i himmelen gjekk eit slikt band, og ikkje berre der, men også her inne i mitt sjelsliv, der tankane, kjenslene og alt det andre blei lagra.

Og så fortel Guds ord oss at ein dag skal det takast fram. Det som vart kviskra i kammerset, skal ropast ut på taket. Eg har og tenkt på det som den rike mannen fekk høye då han var komen i fortapinga: «Min son, kom ihug — ». Dette evige fortapelsens: *Kom ihug!* det er noko av det som skremer meg som kristen og som forkynnar. Du veit det vil bli forferdeleg å gå fortapt frå vårt fødreland, når du kan huska den gongen, og

den gongen, og den gongen, — Eg tenkte på Adolf i går då han var framme og fortalte om då Gud kalla, og korleis han var overtydd, og kor han sa nei til Guds kall.

Og tenk i æva skal det sitja ein skare av menneske frå vårt norske folk som hugsar den gongen, og den gongen, då Gud var like inn til dei med sitt nådekall og så let dei han gå. Alle dei gongene du visste Guds veg, og så gjekk du ein lettare veg, alt kjem då att — *for evig*.

Som ein lagermann ordnar sitt lager, legg det i den skuffa og det i den skuffa, og tek det fram etter som han har bruk for det, slik er det også for oss med det underlege me kollar tanken. Ved tanken kan du vurdera, ta sakene fram og sjå på dei i forhold til andre, byggja opp tankebanar og tankesystem. Av alt det eg må beundra Gud for, så er dette med tanken noko av det som grip meg mest. I det heile så er det dette som gjer at me kan opptre som menneske og leva som menneske mellom menneske.

Våre sjels- og åndsevner som fører oss i ansvars-forhold til Gud.

For det andre så er det gjennom våre sjels- og åndsevner at me kjem i ansvarsforhold til Gud, for me vert kjent med angst, med skuldkjensla, med fridomslengt, med lukkekjensla, og alt dette som hører med til vårt forhold til Gud. Det er eit kjent fenomen i vår tid at den er full av angst og nevrose på ymse vis. Det kjem av at sjela meir og mindre konstant lever i ei kjensle av upoppgjort ansvar. Der ligg noko som er uoppgjort, og det fører ansvaret over på deg. Eg har ofte tenkt på skattesetelen, når den kjem inn i stova, så er me straks i eit ansvarsforhold til kommunen. Så lenge skattesetelen ligg der, så lenge er også ansvaret der, like til eg går til kasseraren eller kempnaren og betalar den. Då er eg trygg. Ein slik «skattesetel» ligg det i kvart einaste menneskesinn frå fødselen av, som

er uoppgjort. Og så kjem frykta for dom som ei kjøvande hand som legg seg over menneskesinnet. Eg har møtt mange menneske, ungdom i si beste tid, som eldre, som går der nedisa under ei domskjensle som reiser med lukka og livsmot. Er du kjend der? Eg er kjend, gjennom lange og tunge år.

Ut frå desse mange og tunge vanskane maktar ikkje nokon å koma sjølv, me må ha hjelp. Og det skjer i dag etter to hovudlinjer.

Den første er at menneske prøver å hjelpe seg sjølv og kvarandre, d.v.s. dei prøver å løysa det på menneskeleg plan og set Gud utanfor. Og til menneske si ære skal det bli sagt, at her blir det sett mykje inn. Eg trur at misjonen og det som blir sett inn der av kraft og innsats, ikkje er å nemna mot det som blir sett inn for på menneskeleg vis å løysa seg ut av angstkjensla og for å koma seg ut i fridom. Eg skal ikkje ta tid til å prøva å skildra det, endå det var freistande.

Så har me ein ny vitenskap i vår tid, som dei trur å vera kome langt med, den kallast psykoanalyse. Det er å trengja seg innover i sjelslivet, prøva leita seg fram til den staden der angstens sit fast og har sin grunn til det som skapar skuldkjensla og angst. Dei analyserer sjelslivet, finn fram til angstens og legg det fram for dei lidande og viser dei kvar dei set fast. Når dei så vert kjend med dette, og godtar det, då taper det makta. Det er skuldkjensla, som ligg der som eit sår, sår, som er årsaka til angst. Me kan ta eit døme. Eg hadde eit barn med betente mandilar, og doktoren sa at dei måtte bort, for dei låg der betente og sprøyta si gift inn i lekamen så han blei i därleg form. Slik meiner dei også at det er med angstnevrosane som ligg der løynt, når dei får dei fram i lyset så taper dei makta og angstens blir borte. Eg trur det er noko i det der, — men det kan aldri gi ei sjel att helsa av di det for grunt.

Meir neste nr.

Sommarskule og årsmøte

Norsk Luthersk Lekmannsmisjon hadde sommarskule og årsmøte i Norheimsund i veka frå 22.—26. juli. Omkring 200 vener frå dei ymse landsluter var samla om Guds ord og misjonen.

Dei som forkynnte ordet for oss var Ole Brandal, Odd Dyrøy, Gudm. Hjorthaug, Reidar Linkjendal og Godtfred Nygård. Amund Lid og Sverre Bøhn frå veneflokkene på staten var leiarar. Me er takksame for velvilje og gjestfriheit frå bygda og venene si side, som let oss få brukha bedehuset til bibeltimar og møter og skulen til overnatting. Og likeeins for dei som blei innkvartert i heimane.

Årsmøtet vart halde torsdag 23. juli. Den store gleda dette året var meldinga frå Malaysia. Andreas Bø, misjonæren vår, melde at han hadde døypt den første etter 3—4 års arbeid. Den store forsamlingen kjende noko av Landstads glede og takk då dei fekk syn-

gja «løft opp ditt syn, O kristen sjel», som han gjorde det i 1858.

Formannen la fram årsmeldinga. Han orienterte om arbeidet og bar fram ein takk til forkynnaraane og misjonsvenene for trufast arbeid. Likeeins til dei som arbeider med bladet vårt — Lov og Evangelium. Det skal frå nyttår koma ut med eit nummer for månaden, med unnatak av juni og juli.

Vi har vanskar i arbeidet, men vil likevel besinna oss på vårt kall og eigenart, og takka Gud for den heimen han har gitt oss i Lekmannsmisjonen, sa formannen.

Rekneskapen, som fylgjer kalenderåret, synte underskot, men likevel var det nå ved årsmøte balanse. Så vi har stor grunn til å takka Gud og venene som har gitt oss det vi treng.

Harald Fæø, Bangsund og Tore K. Harestad, Randaberg var tattvalde til styret. Frå før står i styret Olav A. Dahl, Stord, Magnar Aandal, Oslo og Sigmund Hjorthaug, Knappstad. Til varamenn for styret blei valde :

1. Øyvind Pedersen, Sannidal. 2. Holger Kjølvik, Varhaug. 3. Torbjørn Thorsen, Trondheim.

Venene på Avaldsnes kom med innbjoding til årsmøtet om å ta imot årsmøtet i 1971 på Avaldsnes ved Haugesund.

På styremøte etter årsmøte vart Olav A. Dahl avtalt til formann, med Magnar Aandal som nestformann.

Gud velsigna ordet, vitna og dei som høyrde, så mange drog nok heim med e ifornya tru og eit nytt syn på Jesus, takksame mot Gud for det han gav.

Holger Kjølvik.

* * *

Andreas Bø melder seinare at han no har
tatt fornya visum for eitt år til.

O. A. D.